

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	17/220

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017
07/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## **Søknad om spelemidler til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Ungdomslaget Von skal rehabilitere kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr 1256004801, og har sendt inn søknad om spelemidler lokale kulturbygg datert 26.1.2017. Totalkostnaden er på kr 823 685 og ein kan søkje om inntil 1/3 over ordninga. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

#### **Vurdering**

Vonheim er eit viktig og tradisjonsrikt lokalt kulturbygg og forsamlingshus lokalisert i den vestlege delen av Holsnøy. Bygget er eigd av Ungdomslaget Von, skipa i 1901. Dei eldste delane av bygget er oppunder 100 år, og har vore gjennom fleire renoveringar og utvidingar gjennom åra. I dag rommar bygget sal med scene, toaletter, garderobe, kjøkken og andre mindre rom og lager. Bygget har vorte nytta av musikklag og til lokalteater, og vert i dag mellom anna nytta til barne-, ungdoms- og fritidsklubb, konsertar og samlingar, filmframsyningar, revy, markeringar og utleige. Lokalsamfunnet tek godt vare på huset sitt.

Kjøkkenet er svært mykje nytta og er viktig for den levande mattradisjonen i bygda, der lokale matrettar vert nytta etter gamle oppskrifter både ved mindre og større tilskipingar. Ei framsynt modernisering og rehabilitering av kjøkkenet vil vere til stor nytte for det lokale kultur- og samfunnslivet i denne delen av kommunen. Eit moderne kjøkken vil auke høva for å kunne vidareføre lokale mattradisjonar, og kan i større grad gi høve til å involvere og inkludere nye deltakarar. Økonomien i UL Von er god, men det er naudsynt med eit moderne kjøkken for å kunne oppretthalde utleigen og bruken av Vonheim. Drifta av huset er avhengig av utleige.

Tiltaket har ein totalkostnad på kr 823 685 og skal finansierast ved spelemidler kr 274 561, dugnad kr 201 727, lån kr 247 397 og eigenkapital kr 100 000. Søkjar har mellomfinansiering på spelemiddeldelen av finansieringsplanen.

Søkjær har levert behovsoppgåve og prosjektskildring, fagmessig utførte teikningar, detaljert kostnadsoverslag med dokumentasjon, plan for drift og dokumentasjon på finansiering, eigerskap og hefter. Søknaden vert frå kulturtenesta si side vurdert til å oppfylle dei formelle krava for å kunne kvalifisere til spelemidlar lokale kulturbygg, og til å vere i tråd med føremålet til ordninga.

#### **Folkehelse**

Levande, inkluderande og sterke lokalsamfunn er svært viktig for folkehelsa

#### **Miljø**

Ikkje vurdert særskild i saka

#### **Økonomi**

Tiltaket vil ikkje påverke kommuneøkonomien

#### **Konklusjon**

Rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim vil styrke bygget som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Von vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i denne delen av Meland kommune.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr 823 685, vert stadfesta og får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune»

#### **Utval for levekår - 05/2017**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringsframlegg i møte frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Endringsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - samrøystes vedtak:**

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

